



## SGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

FAGSKULEN I SGN OG FJORDANE  
Maritim avdeling Måløy  
P.O. Box 1055  
6704 DEKNEPOLLEN

Sakshandsamar:  
Lars Sigurd Berle  
E-post: lars.berle@sfj.npo  
Tlf.: 41 53 08 40

### Behov for Aquahall

Fagskulen arbeider for å starte opp to nye linjer innan marine næringar. Vi ser for oss eit tidsperspektiv for oppstart på to til tre år. Studia er Havbruksoperatør- og Aqualinje.

Fagskule er ei yrkesfagleg høgare utdanning, der ein utdannar mellomleiarar og leiarar. Dette er ei utdanning som vidareutdanna personar med fagbrev.

Fagskulen har presentert planane for næringane, der det er spesielt stor interesse for linja Havbruksoperatør.

Havbruksoperatør vil være ei linje som tar for seg dei tekniske installasjonane men også tar for seg bl.a. fiskehelse og vasskvalitet. Studiet er nettbasert med samlingar kor eit år blir teke over to år. Totalt 60 studiepoeng (sp.).

Vi har behov for Aquahall til emna fiskevelferd som har 10 sp., og havmiljø som har 5 sp.

Aqua linja er eit studie som går over to år på heiltid eller fire år som nettbasert med samlingar. Studiet har ein eigen modul som består av leiing, økonomi og marknadsføring (LØM).

Aqua linja har fire moduler der vi har behov for ein Aquahall. Det er biologi med 14 sp., fiskehelse (14 sp.), miljø (15 sp.) og vatn og vasshandsaming (15 sp.).

Deknepollen, 03.05.2019

Lars Berle  
Avdelingsleiar  
Maritim avdeling Måløy